

Norges Fjordhestlag  
Myroldhaug  
6770 Nordfjordeid

## Referat frå styremøte Norges Fjordhestlag

Møte: 09/2021  
Sted: Teams  
Tid: Onsdag 25. august 20-00-22.00

Desse møtte:  
Hege Sæther Moen  
Vidar Heggheim  
Maren Løken  
Ingvild Rydjord Hansen  
Anne Karin Høgalmen  
Giljar Groven  
Magni Hjertenes Flyum

### **Orienteringssaker:**

Dommerinnsjill

Holdningsarbeid – etikk og reaksjoner på adferd

Landsfinale unghest Stend

UB og bedømming Heggnes Kvikken (Momarken 21.-22.august)

Høstmøte 2021: Program klart ca 20.9. Mange gode innspel til tema frå Facebook. Det vert ein heil dag med rasespesifike tema. Dersom ein skal endre vedtekter slik at dei tilfredstiller krav frå FRIFOND må ein også planlegge ekstraordinært årsmøte. Magni sender ut notat til styret ang dette.

Søknad koronamidler – Hingsteutstillinga

Økonomi per august 2021

Nytt frå arbeid i Avlsutvalet, aktivitetsutvalet og marknadsføringsutvalet

Stavsmartnad

**Sak 49/21 Godkjenning av referat fra styremøte 08/21**

Vedtak:

Styret godkjenner referat frå styremøte 08/21.

### **Sak 50/21 Plan for gjennomføring av revidering avlsplan for fjordhest**

Vedtak:

Styret sluttar seg til framlegget frå avlsutvalet om å sende ut aktuelle spørsmål til lokallaga.

Ein ønskjer tilbakemelding på desse emna:

- Avkomstgrupper på hingstar.
- Hoppekvotar på hingstar(årlege kvotar eller livstidskvotar)
- Kriterier for tildeling av premiegrader på hopper og hingstar.
- vektlegging av stammer ved kåring
- andre innspill ?

Avlsplanen vert tema på haustmøtet, og svarfrist på spm til lokallaga må vere innan 1. oktober. Spørsmåla vert sendt ut snarast, og medlemar som ikkje høyrer til noko lokallag, har og høve å sende inn svar.

### **Sak 51/21 Prøvetaking CEM på hopper og hingstar**

Vedtak:

Saka vert sendt til hestefagleg veterinærgruppe for å få deira vurdering, og ein ser det som naturleg at CEM og blir fokus på i fertilitetsprosjektet som blir starta no i haust

### **Sak 52/21 Avlsfremjande midlar søknadsfrist 01.10.2021**

Vedtak:

Søknadsordningane blir etter malen som var i 2019 for 2021. Unnataka som var gjorde i 2020 pga Covid 19 var berre for dette året. Informasjon om dette ligg ute på nettsidene, og det vert i tillegg lagt ut påminning om søknadsfrist på Facebook.

### **Sak 53/21 Dommarsamling 2021**

Vedtak:

Det vert arrangert rasespesifikk dommarsamling på NFHS i haust. Fokus på praktisk dømning(føllskue og gjerne unghest), fokus på faglege tema, etikk, arbeidsgjevaransvaret som NHS har og organisasjonen NFL sitt ansvar.

NFHS finn tidspunkt og planlegg samlinga i samarbeid med leiar i NFL og leiar i avlsutvalet.

### **Sak 54/21 Mentorordning utstilling**

Vedtak:

Det har kome ønskje om mentorordning for dei som er nye utstillarar, spesielt på Hingsteutstillinga. Førebels er det ei gruppe på Facebook som tilbyr dette.

Avlsutvalet får i oppdrag å plukke ut ressurspersonar som kan vere aktuelle til ei slik oppgåve.

### **Sak 55/21 Søknad om NM 2023**

Vedtak:

Styret er positiv til søknaden frå Trøndeleg, men ønskjer ein litt breiare prosess. Aktivitetsutvalet vert bedt om å lage ei liste med kriterier for dei som søker slik at det kjem tydeleg fram kva krav det er til arrangementet.

Vi går ut med desse kriteria og at vi har opna for søknadar, med frist 10. oktober.

### **Sak 56/21 Eventuelt**

Vedtak:

Det ble satt to nye møtedatoer 20. september og 20. oktober. For møtet i oktober blir saker mellom anna revidering av avlsplanen og arrangør av NM 2023.